



# Retningslinjer for kulturskolen

*Formannskapet vedtok 28. april 2009 følgjande retningslinjer for Hjelmeland kulturskule.*

## 1 Elevreglement

### 1.1 Generelt

Hjelmeland kulturskule er ein frivillig, offentlig skule for alle interesserte barn, unge og vaksne i kommunen. Skulen bør difor ha tilstrekkeleg kapasitet, og opptaket skjer utan opptaksprøvar.

Det grunnleggjande synet i kulturskolen er at alle elevar har rett til å få opplæring i musikk og andre kunst- og kulturuttrykk i samsvar med dei evner og føresetnader dei har. Undervisninga må ta utgangspunkt i at alle menneske har ei skapande kraft og har trong for å gje uttrykk for denne. Kulturskolen må difor leggja tilhøva til rette slik at undervisninga får fremje personleg vekst og utvikling hjå elevane og bli ein meningsfull del av liva deira. Kulturskolen sine formål og oppgåver byggjer på desse fortutsetningane.

### 1.2 Målsetjing

Kulturskolen har som formål

- å tilby undervisning til elevar i alle aldersgrupper
- å utvikla elevane sine skapande evner og fremja deira forståing og oppleving av kunst og kultur
- å utvikla elevane sine utøvande og skapande evner innan det feltet dei har valt etter den einskilde sine føresetnader, slik at dei kan gjera seg nytte av lærdomen seinare i livet
- å medvirka til eit rikt og godt kulturliv i kommunen og vere eit ressurscenter for grunnskolen og kulturlivet elles
- å leggja til rette gode arbeidsforhold for lærarane og slik sikra lærarkrefter med høg kompetanse

#### 1.2.1 Verkemiddel

Undervisninga bør vera for elevar i alle aldersgrupper og foregå innanfor eit vidt spekter, der både kvalitet og breidde vert ivareteke.

- å støtta og styrkja småbarn, førskulebarn og 1. klassingar si kreative utvikling og modning gjennom ulike gruppetilbod
- å tilby enkelt- og gruppeundervisning frå 2. klasse av
- å tilby elevar i vidaregåande skule undervisning tilpassa deira skuleforhold der det er mogleg
- å tilby vaksne enkeltundervisning på line med born ved å reservera nokre årlege undervisningsplassar til desse
- å tilby kortare kurs for vaksne i ulike disiplinar
- å gje tilpassa undervisning, enkeltvis og i grupper, både med omsyn til innhald og lengd på leksjonen, ut frå alder, spesielle behov eller særskilte føresetnader
- å tilby eigna arenaer der elevane kan få synt fram det dei arbeider med i kulturskolen
- å vera eit ressurscenter for grunnskolen og kulturlivet elles ved å tilby kurs, undervisning og instruktørressurs i fag der kulturskolen har kompetanse
- å gje lærarar med ein viss stillingsstorleik tilbod om utøvardel i stillinga

### 1.3 Organisatoriske forhold

Hjelmeland kommune eig og driv Hjelmeland kulturskule. Elevbetaling utgjer ein del av finansieringsgrunnlaget. Rektor har det faglege ansvaret og ansvar for den daglege drifta av skulen, samt personalansvar for lærarane. Kommunestyret oppnemner i kvar valperiode ein politisk kontaktperson for kulturskolen.



### 1.4 Vilkår for elevplass, organisering av undervisning med vidare.

#### 1.4.1 Undervisning

Hjelmeland kulturskule tilbyr undervisning i dei disiplinane skulen til ei kvar tid har kompetanse i. Skulen underviser desentralisert. Føresetnad for dette er likevel at minst tre elevar ynskjer undervisning på same plassen og at einlærer kan gje dette tilbodet.

#### 1.4.2 Opptak

Kulturskulen bruker elektronisk søknadsskjema, både til opptak og avmelding. Opptak skjer kvart år etter søknad. Søknadsfrist er normalt 1. mai. Berre nye elevar må søkja. Elevar som ikkje vil halda fram skuleåret etter, må seia frå seg plassen skriftleg, med frist som for søknadar. Søkjarar som vert tildelt plass, blir automatisk elevar ved skulen og bind seg for eitt år om gongen. Rektor er ansvarleg for opptaket etter gjevne retningsliner. Det fyrste semesteret vert rekna som prøvetid. Opptaket vert også styrt etter om det er ledig kapasitet på den aktuelle aktiviteten, eller om det er ledig kapasitet på undervisningsstaden der det blir søkt om opptak. Elevar kan under visse omstende få tilbod om undervisning i andre krinsar enn der dei naturleg høyrer heime. Born under 2. klasse vert normalt ikkje tekne opp som enkeltelevar. Denne aldersgruppa kan få tilbod om ulike kurs som

- Musikk ved starten av livet (0–1 år)
- Songgrupper (1–3 år)
- Musikalsk barnehage (4–5 år)
- Musikalsk førskule (1. klasse)

#### 1.4.3 Prioritering av søknadar til ledige elevplassar

For instrumental- og vokalundervisning, samt undervisning i andre kulturuttrykk gjeld følgjande:

- 1. prioritet: elevar frå 2. klasse til og med vidaregåande skule
- 2. prioritet: vaksne elevar utover dei reserverte plassane
- 3. prioritet: for seint innkomne søknadar (her under søknadar som kjem inn i løpet av året)

Skulen reserverer til ei kvar tid 5 plassar til vaksne elevar. Vaksne elevar utover dette vert berre tekne opp i 2. prioritet. Ved fleire søkjarar enn det er plass til, vert søkjarlistene først sortert etter prioritet, deretter vert ledige plassar fordelt ved maskinell loddtrekning.

#### 1.4.4 Ventelister

Elevar som ikkje får plass ved hovudopptak blir sette på venteliste. Fordeling av ledige plassar undervegs vil forgå slik det står skildra i punkta 1.4.3.

#### 1.4.5 Konkurranskriterier

Eventuell konkurranse om elevplass mellom elevar i vidaregåande skulealder vert avgjort etter interesse og innsats. Rektor avgjer i samråd med lærar.

#### 1.4.6 Undervisningsform

Individuell undervisning og gruppeundervisning.

Individuell undervisning: Ein gong i veka, normalt med 25 minutt undervisningstid. Lengda på leksjonen kan fråvikast for å tilpassa undervisninga til instrumentet og eleven sine behov og føresetnadar. Elevar med særskilte føresetnadar og innsats kan få inntil dobbeltleksjon utan ekstra kostnad.

Gruppeundervisning: Lengda på leksjonen kan variera alt etter gruppestorleik og aktivitet.

#### 1.4.7 Aktivitetsval

Elevane vel aktivitet etter tilbodet som finst i kulturskulen. Dette kan variera etter kva lærarkrefter skulen til ei kvar tid rår over.



### 1.4.8 Elevbetaling

Satsane vert fastsette årleg av kommunestyret. Det gjeld også ulike moderasjonar. Elevbetalinga vert fakturert to gonger i skuleåret, haust og vår, og den som vert tildelt plass, må betala for heile året. Dette gjeld også elevar som sluttar, men ikkje har sagt frå seg plassen skriftleg innan fristen. Denne regelen kan fråvikast dersom den ledige plassen kan fyllast av annan elev. Betalingsregelen gjeld likevel ikkje elevar i prøvetid (1. semester for nye elevar). Ved tildeling av plass etter at semesteret er starta, vert kontingenten rekna ut etter opptaksdato.

### 1.4.9 Elevplass

Eleven har plass i kulturskulen så lenge han fyller vilkåra for undervisning.

### *1.5 Vilkår for undervisning*

Eleven må ha evner og vilje til å følgja undervisninga i kulturskulen. Han må øva heime og møta vel budd til time. Læraren har ansvar for å tilretteleggja undervisninga slik det står skildra i punkt 1.2. og 1.2.1. Dersom eleven trass dette syner liten interesse eller ikkje følgjer undervisninga slik ein forventar, kan han missa plassen. Dei føresette skal orienterast om dette skriftleg. Dersom forholdet etter dette ikkje endrar seg til det betre, kan rektor i samråd med lærar fråta eleven plassen. Undervisningsgebyr til gode vil bli kreditert.